
Saksnr: 2020/73966-3
Saksbehandlar: Morten Sivertsen
Lygresten

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.05.2021
Fylkesutvalet		22.06.2021

Søknad frå Flåm Travel AS om ruteløyve for Aurlandsdalen

Forslag til instilling

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 29.03.21 frå Flåm Travel AS, org.nr 913 890 345, på følgjande vilkår, pkt 2-5.
2. Personar med nedsett funksjonsevne skal kunne nytte rutetilbodet likeverdig med andre.
3. Vestland fylkeskommune kan på kort varsel påleggje Flåm Travel AS å gjere tilpassingar i bruken av haldeplassar med vidare.
4. Flåm Travel AS skal sende rutedata til Entur AS etter retningslinene i Jernbanedirektoratet si Håndbok N801 v2.
5. Flåm Travel AS, skal ikkje nytta namnet «Vandrebussen» eller liknande, og marknadsføringa og vognene som vert nytta skal skilje seg tydeleg frå marknadsføringa og vognene til Skyss/Kringom.

Samandrag

Flåm Travel AS har søkt om ruteløyve for strekninga Flåm stasjon - Vassbygdi - Geiteryggen Øst. Ruteløyvesøknaden presenterer moglegheita for å styrke kollektivtilbodet på strekninga, der det har vore utfordringar med kapasiteten dei siste åra tidlegare. Fylkesrådmannen finn at det kan vere positivt både for det lokale næringslivet, trafikktryggleiken i området og folkehelsa om den omsøkte rutetransporten vert etablert. Fylkesrådmannen rår difor til at søknaden vert imøtekomen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Flåm Travel AS¹ («FT»), har i brev av dato 29.03.2021 søkt om ruteløyve for strekninga Flåm - Geiteryggen aust. Fylkesutvalet skal gjere vedtak i saka på grunnlag av ei 'behovsprøving' i følgje Samferdselsdepartementet («SD») tyder dette at ein skal vurdere om det omsøkte tilbodet er «samfunnsøkonomisk rasjonelt».

Saksopplysningar

Det vert i dette møtet lagt fram ei sak som er mykje lik denne i innhald. Den gjeld ein søknad frå Flåm Bilutleie AS («FB»), som kom inn tre dagar tidlegare. Søknaden frå FB gjeld tre strekningar i Aurland kommune. Den eine av desse er parallell med FT si omsøkte rute.

I utgangspunktet skal denne søknaden, i samsvar med prinsippet om likskap i forvaltninga, handsamast likt søknaden frå FB. Fylkesutvalet har likevel eit sakleg grunnlag for å gjere skilnad på dei: Dersom fylkesutvalet finn at det ikkje er kapasitet på vegnettet til to kommersielle aktørar, kan fylkesutvalet leggje dette til grunn for sine vedtak. Dette gjorde fylkesutvalet i dei to siste sakene om søknad om ruteløyve for «sightseeingbussrute» i Bergen sentrum.

Vedtaka i sakene som gjaldt Bergen sentrum fann stad etter at det var etablert konkurranse på den kommersielle marknaden. Det vil det ikkje vere i Aurlandsdalen dersom fylkesutvalet berre godkjenner den eine av dei to søknadene.

FT ynskjer å nytta namnet «140 Vandrebusen Aurlandsdalen». Dei planlegg daglege turar frå Flåm til Vassbygdi kl. 08:30, 14:45 og 16:30 eller 17:00, med retur frå Vassbygdi kl. 10:15, 15:15, 16:30 og 17:55 eller 18:15. To av turane skal forlengast til/frå Geiteryggen aust og nokre fleire - etter tinging - til Stemmerdalen. Geiteryggen aust ligg i Hol kommune i Viken fylkeskommune. Viken fylkeskommune har ikkje merknader til den aktuelle søknaden.

I turistsesongen er det stort press på vegnettet og parkeringsplassane i området, spesielt i Vassbygdi. I fjor sommar var det ei auke av turistar som ferierte i Aurlandsområdet, og Skyss/Kringom fekk utfordringar med kapasiteten på sitt rutetilbod. Det var Skyss/Kringom som først starta bussrutetilbod på same strekning som FT vil nytta. Skyss/Kringom har i mange år marknadsført denne som «Vandrebusen Aurlandsdalen».

Skyss/Kringom har i si rute hatt siste haldeplass/snuplass på Østerbø, som grensar til Hallingskarvet nasjonalpark. Ruta har hatt om lag same rutetider som dei tida som Flåm Travel AS planlegg. I 2021 vil Skyss/Kringom å utvide rutefrekvensen. Det er ikkje lagt opp til vesentlege endringar av rutetider. Årsaka til dette er tilpassing til rutetidene for tog, båt og ekspressbussruter. Dette gjer det også utfordrande å fordele trafikken jamt utover dagen.

Korkje tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune opna ein for direkte konkurranse mellom offentlege og private bussruter. Dette for å unngå at inntektsgrunnlaget for kryssubsidieringa av rutetilbodet blei redusert, med fare for redusert rutetilbod og/eller høgare takstar, fragmentering og meir utfordrande koordinering som konsekvensar.

Det er også ynskjeleg at det ikkje køyrer fleire bussar parallelt når det ikkje er naudsynt, sjølv om det allereie er for få. Dette med omsyn til blant anna trafikktryggleik og miljø. Skyss/Kringom har gode trafikkdata, informasjonskanalar og røynsle som normalt sett kan gjera at dei veit på førehand når etterspurnaden etter transport kan auke og på kort varsel setje inn suppleringsbussar som kan settast inn

Ettersom Skyss/Kringom er fylkeskommunen sin faginstans for kollektivtransporttilbodet, legg fylkesrådmannen stor vekt på vurderinga deira i denne saka.

FT sitt planlagde takstregulativ er avstandsdifferensiert, med 90 NOK som pris for vaksne langs kortaste strekning, og 240 NOK som pris for lengste. Det er også lagt opp til rabatterte prisar i henhald til alder og gruppereiser.

Takstregulativet til Skyss/Kringom er om lag halve av dei FT planlegg.

Vedtakskompetanse

¹ Org.nr. 913 890 345.

Fylkesutvalet har mynde til, etter innstilling frå Hovudutval frå samferdsel og mobilitet, å tildele behovsprøvd løyve/ruteløyve for persontransport med motorvogn. Heimelen for dette finn ein i *Reglement for folkevalde organ og delegering Vestland fylkeskommune, Reglement for delegering etter særlov, Pkt 30 yrkestransportlova, § 13 jfr § 6.*

Vurderingar og verknader

Fylkeskommunen er generelt positive til berekraftige private næringslivsinitiativ.

Det er eit mål i Utviklingsplan for Vestland fylkeskommune å leggje til rette for berekraftig private næringsliv, og dermed for busetjinga i distrikta.

Det omsøkte rutetilbodet kan tenkjast å overta for ein del bilisme og vere positivt for trafikktryggleiken langs dei til dels utfordrande vegane, m.a med omsyn til konflikhtar mellom motorisert og ikkje-motorisert ferdsl.

Eit styrka kollektivtransporttilbod i dei aktuelle områda kan trekkje fleire turistar dit. Det kan bidra til desentralisert verdiskaping. Det kan også vere positivt for folkehelsa, ved at det vert høve for fleire til å mosjonere i fjella.

Skyss/Kringom har ikkje funne det tenleg å drive eit heilt tilsvarande rutetilbod i offentleg regi. Det omsøkte ruteløyvet vil difor kunne utfylle Skyss/Kringom sitt rutetilbod langs strekninga, og vere fleksibelt ved uføresett passasjerpress.

Fylkesrådmannen finn på grunnlag av ovannemnde at det er grunn til å tru at det i utgangspunktet vil vere *samfunnsøkonomisk rasjonelt* å la ei privat verksemd stå for eit det planlagte tilbodet for eigen risiko, såfram ein tek omsyn til omstenda som er nemnde under.

Det er presedens i fylkesutvalet å stille krav til kommersielle ruteløyvehavarar om tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne, herunder rullestolbrukarar. Fylkesrådmannen rår difor til at dette vert teke inn som vilkår for eit eventuelt ruteløyve.

Basert på erfaringar frå dei seinare åra, kan det oppstå trafikkale utfordringar i det aktuelle ruteområdet. Fylkesrådmannen rår difor til at det vert teke inn som vilkår for eit eventuelt ruteløyve at fylkeskommunen på kort varsel kan gje pålegg om bruk av haldeplassar mv.

SD har fastsett at fylkeskommunen og andre som driv rutetransport skal offentleggjere ruteplan ved innsending av rutedata til Entur AS², etter reglane i Jernbanedirektoratet si *Håndbok N801 v2*. Fylkeskommunen kan påleggje dei kommersielle aktørane å gjere dette sjølve. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det vil vere ein føremon at fylkeskommunen skal vere eit mellomledd i rapporteringa, og finn det tenleg at dei kommersielle aktørane rapporterer direkte til Entur. Dette vert difor teke inn som eit vilkår i forslaget til innstilling.

Skyss/Kringom er profilert som det offentlege sitt kollektivtransporttilbod i Vestland. Dette m.a gjennom bruken av namnet Vandrebussen på ruta fylkeskommunen driv i Aurlandsdalen. Uniformeringa og straumlineforminga av det offentlege tilbodet er blant tiltaka for å gjere det enkelt å reise kollektivt, slik målsetjinga er.

Dersom FT også nyttar namnet Vandrebussen, og kanskje også FB, kan dei totalt tre tilboda bli samanblanda. Dette er uheldig i høve til publikum si trong for å orientere seg i rutetilbodet, finne fram til rett buss, kjenne til takstar mv.

Det er etter fylkesrådmannens si vurdering difor viktig at FT ikkje nyttar namnet «Vandrebussen» på sitt rutetilbod, men i staden tydeleg merkar vognene sine og marknadsføringsmateriellet sitt tydeleg med firmanamnet sitt.

SD har med heimel i YLO § 28 tredje ledd og sitt Rundskriv N-2/2019 fastsett at fylkeskommunen og andre som driv rutetransport skal offentleggjere ruteplan ved innsending av rutedata til Entur AS, etter reglane i Jernbanedirektoratet si *Håndbok N801 v2*. Etter fylkesrådmannens si vurdering det ikkje nødvendig at fylkeskommunen skal involverast i innsending av data og dette bør gjerast av dei kommersielle aktørane.

Økonomi: Ingen verknader.

² Dette med heimel i YLO § 28 tredje ledd og SD sitt Rundskriv N-2/2019.

Klima: Ingen verknader.

Folkehelse: Positive verknader. Kan betre trafikktryggleiken i området, og kan bidra til meir mosjonering.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Positive verknader. Kan vere positivt for den lokale sysselsettinga og veksta.

Konklusjon

På grunnlag av vurderinga over, rår fylkesrådmannen til at den aktuelle søknaden frå Flåm Travel AS vert imøtekomen på dei vilkåra som går fram av forslaget til innstilling.